

**Notat**Dato: 05.05.2017  
Arkivsak: 2017/3824-6  
Saksbehandlar: gunradd

---

**Til:** Hanne Kathrin Vie

---

**Frå:** Gunhild Raddum

---

**Fråsegn til høyring av planprogram for kommuneplanens arealdel- Sund kommune**

Det er peika ut tre hovudtema for rulleringa, og for samferdselsavdelinga vil bustadutvikling og næringsutvikling legge føringar på transporttilhøva i kommunen. Vi viser her til dei nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging* som vart vedteken i 2014. Hensikta er at planlegging av utbyggingsmønstre og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeid i regionale styringsdokument, til dømes i *Regional transportplan for Hordaland og Kollektivstrategi for Hordaland*.

Samferdselsavdelinga vil oppmode Sund kommune om å legge til rette for bustadbygging og arbeidsverksemdar langs eksisterande vegsystem og kollektivaksar. Eit best mogleg kollektivtilbod avhenger av fortetting av få utvalte områder. I planprogrammet skisserer kommunen opp Glæsvær, Spildepollen og Stranda/Kleppe som bygdar som skal utviklast og fortettast. I tillegg skal det vurderast nye byggeområder. Vi vil rå kommunen til å være varsam med å spreie bustadområdene. I staden bør utvikling av dei nemnde bygdene vere høgt prioritert. Dette av omsyn til mest mogleg rasjonell trafikkavvikling. Eit bustadområde bør ikkje lenger enn 500 meter frå ein haldeplass dersom kollektivtilbodet skal vere eit attraktivt og reelt alternativ til bruk av personbil. Vidare er det viktig å legge til rette for effektiv gang- og sykkeltilkomst til området, og sykkel ved kollektivtilbodet.

